LINDÅS KOMMUNE

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Nora Gjerde | 22.09.2016 |
| Vår: 16/8 - 16/26268 | nora.gjerde@lindas.kommune.no | |

# Høyring – nye oppgåver til større kommunar

Vedlagt følgjer vedtak i Kommunestyret – 15.09.2016.

Med helsing
Nora Gjerde
administrasjonssekretær

*Dokumentet er signert elektronisk.*

Andre mottakarar:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 107/16 | Formannskapet | PS | 01.09.2016 |
| 068/16 | Kommunestyret | PS | 15.09.2016 |

| Saksbehandlar | | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Hogne Haugsdal | | 16/8 |

**Høyring – nye oppgåver til større kommunar**

**Vedlegg:**
Høringsnotat nye oppgaver til større kommuner (til publiser(352958) (L)(171642)Høringsnotat om nye oppgaver til større kommuner(352978)(1) (L)(171641)

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**
Rådmannen legg fram saka til politisk drøfting.

**Formannskapet - 107/16**

**FO - behandling:**
**Fellesframlegg:**

Kva oppgåver som skal overførast til kommunane er vanskeleg å ta stilling til før ein veit meir om korleis dei nye regionane vert organisert og kva oppgåver desse vil få.
Fleire av dei føreslegne endringane er «svært smale» og har liten innverknad på innbyggjarane sin kvardag, og representerer berre små fliser i ein stor bjelke av oppgåver kommunane kan og bør overta frå statlege/ regionale etatar.
Lindås kommunestyre vil peika på følgjande områder som kommunane bør kunne overta frå staten på vilkår om at det følgjer ressursar og verkemidlar med som sikrar god tenesteproduksjon og trygg forvaltning:

- **Bustadsosiale tiltak/tilskotsordningar**, gitt at det vert fullfinansiert frå staten.
  Grunngjeving:
  Ved lokal forvaltning av desse midlane kan ein lettare samarbeida med andre kommunale tenester, og leggja til rette for målretta tilbod til mottakarar som kommunane lokalt ser treng bustadsosiale tiltak. Storleiken på kommunen treng ikkje vera avgjerande for om denne tenesta kan overførast.

- **Tannhelsetenestene** bør snarast gå inn som ein del av det totale kommunale helsetilbodet, og tannhelselova må difor endrast slik at det vert lagt til rette for denne overføringa. Storleiken på kommunen treng ikkje vera avgjerande for om denne tenesta kan overførast.

- **Rehabiliteringstenester** innanfor mange fagfelt, dette for å sikre at tiltak for

spesielle brukargrupper vert forvalta/organisert så nær brukaren som råd er, og for å få til god samhandling og langsiktig oppfølging med både pårørande/ ressurspersonar og lokale helse- og pleietenester. Storleiken på kommunen kan vera avgjerande for om ein del rahabiliteringstenester kan overførast.

- **Basishjelpemidlar** kan overførast til kommunane for brukarar som ikkje har kompliserte behov, men viktig med god dialog med dei ulike brukargruppene før dette skjer. Ei overføring av ansvaret frå Hjelpemiddelsentralane til kommunane kan føra til ei meir effektiv og betre samhandling mellom brukarane og dei heimebaserte tenestene. Storleiken på kommunen treng ikkje vera avgjerande for om denne tenesta kan overførast.

- **Kollektivtransport** er eit område som framleis bør liggja på regionalt nivå, dette for å sikre at dei kollektivreisane kjem fram på ein effektiv måte uavhengig av kommunegrensene.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FO - vedtak:**
Kva oppgåver som skal overførast til kommunane er vanskeleg å ta stilling til før ein veit meir om korleis dei nye regionane vert organisert og kva oppgåver desse vil få.
Fleire av dei føreslegne endringane er «svært smale» og har liten innverknad på innbyggjarane sin kvardag, og representerer berre små fliser i ein stor bjelke av oppgåver kommunane kan og bør overta frå statlege/ regionale etatar.
Lindås kommunestyre vil peika på følgjande områder som kommunane bør kunne overta frå staten på vilkår om at det følgjer ressursar og verkemidlar med som sikrar god tenesteproduksjon og trygg forvaltning:

- **Bustadsosiale tiltak/tilskotsordningar**, gitt at det vert fullfinansiert frå staten.

Grunngjeving:
Ved lokal forvaltning av desse midlane kan ein lettare samarbeida med andre kommunale tenester, og leggja til rette for målretta tilbod til mottakarar som kommunane lokalt ser treng bustadsosiale tiltak. Storleiken på kommunen treng ikkje vera avgjerande for om denne tenesta kan overførast.

**-Tannhelsetenestene** bør snarast gå inn som ein del av det totale kommunale helsetilbodet, og tannhelselova må difor endrast slik at det vert lagt til rette for denne overføringa. Storleiken på kommunen treng ikkje vera avgjerande for om denne tenesta kan overførast.

- **Rehabiliteringstenester** innanfor mange fagfelt, dette for å sikre at tiltak for spesielle brukargrupper vert forvalta/organisert så nær brukaren som råd er, og for å få til god samhandling og langsiktig oppfølging med både pårørande/ ressurspersonar og lokale helse- og pleietenester. Storleiken på kommunen kan vera avgjerande for om ein del rahabiliteringstenester kan overførast.

- **Basishjelpemidlar** kan overførast til kommunane for brukarar som ikkje har kompliserte behov, men viktig med god dialog med dei ulike brukargruppene før dette skjer. Ei overføring av ansvaret frå Hjelpemiddelsentralane til kommunane kan føra til ei meir effektiv og betre samhandling mellom brukarane og dei heimebaserte tenestene. Storleiken på kommunen treng ikkje vera avgjerande

for om denne tenesta kan overførast.

- **Kollektivtransport** er eit område som framleis bør liggja på regionalt nivå, dette for å sikre at dei kollektivreisane kjem fram på ein effektiv måte uavhengig av kommunegrensene.

**Kommunestyret - 068/16**

**KO - behandling:**
Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

**KO - vedtak:**
Kva oppgåver som skal overførast til kommunane er vanskeleg å ta stilling til før ein veit meir om korleis dei nye regionane vert organisert og kva oppgåver desse vil få.
Fleire av dei føreslegne endringane er «svært smale» og har liten innverknad på innbyggjarane sin kvardag, og representerer berre små fliser i ein stor bjelke av oppgåver kommunane kan og bør overta frå statlege/ regionale etatar.
Lindås kommunestyre vil peika på følgjande områder som kommunane bør kunne overta frå staten på vilkår om at det følgjer ressursar og verkemidlar med som sikrar god tenesteproduksjon og trygg forvaltning:

- **Bustadsosiale tiltak/tilskotsordningar**, gitt at det vert fullfinansiert frå staten.

Grunngjeving:
Ved lokal forvaltning av desse midlane kan ein lettare samarbeida med andre kommunale tenester, og leggja til rette for målretta tilbod til mottakarar som kommunane lokalt ser treng bustadsosiale tiltak. Storleiken på kommunen treng ikkje vera avgjerande for om denne tenesta kan overførast.

**-Tannhelsetenestene** bør snarast gå inn som ein del av det totale kommunale helsetilbodet, og tannhelselova må difor endrast slik at det vert lagt til rette for denne overføringa. Storleiken på kommunen treng ikkje vera avgjerande for om denne tenesta kan overførast.

- **Rehabiliteringstenester** innanfor mange fagfelt, dette for å sikre at tiltak for spesielle brukargrupper vert forvalta/organisert så nær brukaren som råd er, og for å få til god samhandling og langsiktig oppfølging med både pårørande/ ressurspersonar og lokale helse- og pleietenester. Storleiken på kommunen kan vera avgjerande for om ein del rahabiliteringstenester kan overførast.

- **Basishjelpemidlar** kan overførast til kommunane for brukarar som ikkje har kompliserte behov, men viktig med god dialog med dei ulike brukargruppene før dette skjer. Ei overføring av ansvaret frå Hjelpemiddelsentralane til kommunane kan føra til ei meir effektiv og betre samhandling mellom brukarane og dei heimebaserte tenestene. Storleiken på kommunen treng ikkje vera avgjerande for om denne tenesta kan overførast.

- **Kollektivtransport** er eit område som framleis bør liggja på regionalt nivå, dette for å sikre at dei kollektivreisane kjem fram på ein effektiv måte uavhengig av kommunegrensene.

**Saksopplysningar:**
Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Bakgrunn:**
Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har sendt ut eit høyringsnotat med forslag til lov- og forskriftsendringar i samband med at nye oppgåver skal overførast til kommunane. Det blir foreslått enkelte oppgåver som skal overførast, og det blir foreslått konkrete og nødvendige lovendringar i tilknyting til dette.

Stortinget har beslutta å overføre nye oppgåver til kommunane. Dette skjedde ved Stortingets behandling av Meld. St. 14 (2014−2015) *Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner* og Innst. 333 S (2014−2015) 9. juni 2015. Stortinget slutta seg til meldinga sine forslag om oppgaveoverføringar til kommunane, med nokon unntak. Det er planlagt å leggje fram ein samla lovproposisjon om nye oppgåver til kommunane våren 2017, samtidig med forslag om kommunestruktur og nytt folkevalt regionalt nivå.

Sjå vedlagt høyringsbrev og høyringsnotat for utfyllande informasjon.

Høyringsfrist er sett til 1. oktober

**Vurdering:**
Rådmannen legg fram saka til politisk drøfting